

## Referat frå møte i regionalt brukarutval i Helse Vest, Stavanger, 24.09.14

<b>Til stades</b>	Njål Idsø Solfrid Lillebø Dagfinn Vik Harald Lindvik Claus Ingebrigtsen Svein Nord Kristiansen Kari Toftøy-Andersen (vara) Victoria Skretting (vara)
<b>Forfall</b>	Steinar Andersen Pål Berger Else Berit Ingvaldsen Grete Knudsen
<b>Referent</b>	Kristin Osland Lexow, sekretær RBU

### Velkomst og innleiing

Velkommen og innleiing v/Njål Idsø.  
2 saker meldt til sak 46/14 - Eventuelt

### Sak 39/14 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte

Innkalling og referat blei godkjent.

### Sak40/14 Gjennomgang av styresaker

Utgår då styret ikkje har møte før 23 oktober

### Sak 41/14 Brev og invitasjonar

1. Invitasjon frå RHF-as strategigruppe for forskning med ønskje om brukarrepresentasjon. Pål Berger blei oppnemnd som representant frå RBU.
2. Førespurnad frå Regionalt kompetansesenter for CFS/ME om ein brukarrepresentant frå RBU. RBU ønskjer å stille med to representantar, og Claus Ingebrigtsen og Kari Toftøy-Andersen ønskjer å delta i dette kompetansenettverket.
3. Konferansen – Brukermedvirkning i helseforskning 4 nov. 2014 kolliderer med neste RBU-møte. Når det foreligger ei liste over føreslåtte medlemmer til nytt RBU (1 oktober) kan vi sjå om det er nokon av dei som kan stille på denne konferansen då det er eit svært aktuelt tema for brukarutvalet.
4. Det kom ein førespurnad til RBU rett før møtet frå Fagavdelinga i Helse Vest, om deltaking i arbeid med internrevisjon om bruk av tvang i psykisk helsevern. Sidan førespurnaden kom rett før møtet blei saka tatt opp på møtet sjølv om ho ikkje sto i innkallinga. Solfrid Lillebø ønskjer å delta frå RBU.

### **Sak 42/14 Deltaking i arbeidsgrupper og oppdatering av oversikt**

Oversikten over arbeids- og prosjektgrupper blei oppdatert. Sekretær i RBU vil sende ut mail til dei eksterne representantane for å få status på prosjektdeltaking.

Claus Ingebrigtsen orienterte kort om Pasientsikkerhetskoneransen i Oslo (8-9 sept. 2014), og trakk særleg fram Bent Høies engasjement for brukarmedverknad .

### **Sak 43/14 Kort presentasjon Pas-Opp-rapport nr. 2 2014**

v/ Kristin Osland Lexow.

Generelt vert det skåra betre enn tidlegare på pleiepersonellet og legane, og på korleis sjukehusa organiserer informasjonsarbeid og drift. Tilbakemeldingane gir helsetenesta eit godt høve til å setje i verk forbetringstiltak på dei områda som får negativ respons. Særleg når det gjeld utskriving, ventetid og samhandling er det rom for forbetring. Resultata frå Helse Vest skil seg ikkje frå landsgjennomsnittet.

### **Sak 44/14 Møteplan RBU 2015**

Det er satt opp til saman 10 møter neste år basert på styret i Helse Vest si møteplan. Dei 10 møta er inkludert ein felles opplæringsdag for nye RBU og BU i regionen i februar, og eit felles 2-dagars brukarutvalsseminar i Bergen i juni.

### **Sak 45/14 Oppsummering av interregionalt RBU-møte 16-17 sept**

v/Njål Idsø.

I møtet var det full semje om utkastet om innspel til oppdragsdokumentet til Helse- og omsorgsdepartementet.

Orientering om det felles høringssvaret frå brukarutvala i dei fire helseregionane knyta til Fritt behandlingvalg.

Orientering om nasjonalt kommunikasjonsprosjekt leia av Pål Gulbrandsen (Ahus), og Svein Nord Kristiansen ønskjer å sitte som brukarrepresentant i prosjektgruppa.

### **Sak 46/14 Eventuelt**

Harald Lindvik orienterte om eit avisoppslag om sjukehusøkonomi i Sunnmørsposten den 3. juni 2014

Kristin O. Lexow meldte inn ein førespurnad frå fagavdelinga i Helse Vest om deltaking i internrevisjon om bruk av tvang i psykisk helsevern i Helse Vest. Dette blei tatt opp i sak 41/14

Mail frå Magne Ståle Høgelid, som på vegne av brukarutvalet i Helse Bergen viser til invitasjon frå Fagsenter for pasientrapporterte data, der dei ønskjer innspel på ein felles søknad på strategisk satsing.

Neste møte skal være den 4 november, og ikkje 5 november slik det sto i RBU si møteplan. Dette møtet er eit fellesmøte med styret i Helse Vest.

## **Fellesmøte med brukarutvalet i Helse Stavanger (kl 15-16.30)**

Omvisning på det nye Vardesenteret på Stavanger Universitetssjukehus, og kort orientering om dette tilbudet v/ senterkoordinator Mariette Abrahamsson.

kl. 15.30 Orientering om arbeidet i brukerutvalget i Helse Stavanger

kl. 16.00 Vestlandspasienten – informasjon om siste status for prosjektet v/prosjektleder  
Anund Rannestad

Ansvarleg for referatet frå dette fellesmøtet er BU Helse Stavanger. Det vert sendt ut så snart det kjem til meg.